

# RINGDAL

— Kvalitetsmat frå Hellesylt —



## Informasjon knytt til slaktesesongen 2024

### Informasjon knytt til sau/lam av rasen Gammal Norsk.(Villsau)

Frå veke 39 (23.september) til veke 44 (1. November) vert det ikkje mogleg å sende sau/lam av rasen Gammal Norsk (Villsau). Det vil være mogleg å sende Gammal Norsk Spæl. Dersom det likevel viser seg at vi har tilstrekkeleg kapasitet til å også slakte Gammal Norsk, vil vi opne opp for å ta imot slakt også av denne rasen i denne perioden.

### Informasjon knytt til retur-skinns

I frå veke 39 (23.september) til veke 44 (1. November) vert det ikkje mogleg å ta ifrå dyr med returskinns. Dyr som skal slaktast med skinnet på treng eiga behandlings/foredlingslinje i vidare produksjon. Dette kjem i forbindelse med risikoen for smitte av bakteriar når ulla ikkje er klippt. Ein treng då å skilje dei frå klippede dyr, noko som det på grunn av auka slaktemengde i 2024, ikkje vil være tilstrekkeleg kapasitet til i eksisterande anlegg under høgsesong for slakting. Dersom det viser seg at ein har kapasitet i denne tidsperioden vil vi opne opp for å også ta i mot dyr som ein ønska å ha skinnet i retur på.

### Skroddar merka med kode 305

Mattilsynet har i 2024 hatt fokus på at dyr som blir levert til slakting skal være reine. I våre system blir alle dyr som ikkje er reine, det vil sei at dei har skitt i snittlinja som ikkje kan klippast reint, føre til eit økonomisk trekk. Dette er dei same reglane for alle slakteri, og vi følger dei nasjonale retningslinjene frå Animalia knytt til bedømming av dette. Vi har ikkje hatt problem tidlegare med skitne småfe, og vi har av dei lågaste prosentvise andelane av dyr i landet som blir klasifisert ned med kode 305. Dette tyder på at våre leverandørar er flinke til å følge retningslinjene frå Mattilsynet. Likevel må vi minne om at vi må ha sterkare oppfølging på dette, knytt til Mattilsynets strengare krav til matsikkerheit. Du som bonde skal ikkje levere dyr som er skitne til slakt, og dette vil føre til økonomiske tap, både for deg som bonde, men også hos Ole Ringdal AS som slakteri.



### **Nødslakt(storfe)**

Når det oppstår situasjonar som kvalifiserer til nødslakt, så ønsker vi som produsent å bli informert om dette så tidleg som mogleg. Med dette meiner vi at dersom skaden skjer i løpet av natta, så er det ønskelig for oss å få informasjon om at det kanskje blir eit nødslakt i morgontimane, istadenfor etter dyrlegen har vore der på ettermiddagen. Dette fører til at det blir lettare for oss å planlegge henting av nødslaktet. Vi ønsker vidare også å få bekrefta at skaden kvalifiserer til nødslakt etter dyrlegen har fylt ut nødslaktattest.